



# DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

## **Møtebok for Meland sokneråd - fellesrådssaker**

**Møtedato:** 28.04.2016  
**Møtetid:** Etter soknerådssakene  
**Møtestad:** Møteplassen

### **Til stade:**

Regine Sagstad Berg, Ingunn Reigstad, Andreas Sagstad Berg, Bent Gunnar Næss, Brigte Roar Skeie, Andreas Westermoen, Per Audun Heskestad, Torbjørn Aamli, Marit Jøssang.

Frå administrasjonen møtte Anne Sofie Nergård Uthaug

### **Meldt forfall:**

Sølvi Norunn Gripsgård Knudsen.

### **Innkalling, sakliste og sist møtebok:**

Innkalling og sakliste vart godkjent. Møtebok frå møte 17.mars vart godkjent.

### **Meldingssaker:**

#### **Sak 000046 Fellesrådsopplæring**

*På kurset for fellesråd i januar vart det delt ut eit kurshefte. Vi ber alle som var på kurset sjå igjennom heftet og sjå etter ting som trengs utdjuping eller svar. Spesielt ber vi alle om å merke seg avsnitta med "Spør kyrkjevevja om..." Oppmodinga går vidare også til påfølgjande møte. Det vart spurt etter vedlikehaldsplan for kyrkja. Kyrkjevevja svarte at det trengs å sjå på status og planar for vedlikehald, men at dette treng vi fagleg hjelp til anten frå kommunen eller ekstern konsulenthjelp. Sak til neste års budsjett.*

#### **Sak 000047 Høyringsvar kommunesamanslåing**

AU sendte på fullmakt frå soknerådet eit høyringsvar til Meland kommune på intensjonsavtalen.

### **Ny meldingssak: Informasjon frå staben:**

- Gry Tyssedal har slutta i vikariatet, men held fram som helgevikar. Ho må få ein offisiell takk.
- Junji Furukawa er tilbake frå permisjon.
- Steinar S. Skauge kjem tilbake frå permisjon i slutten av mai.
- Anne Marit Fosse Dahle får tilbod om timelønna engasjement for babysang/småbarnstreff også til hausten, for å halde på kontinuiteten i tiltaket.
- Det kjem ein hospitant frå MAKS på kontoret i 20% (mandagar): Hege Nordal Jektevik. Avtalen er i første omgang på to månader.

### **Ny meldingssak: Behov for historisk gravminneområde på kyrkjegarden**

Kyrkjevevja kjem til å førebu saka til eit seinare møte, men informerte om den påbegynte praksisen med å ta vare på spesielle eller tidstypiske gravminne som ellers ville bli destruert ved sletting av graver.

### **Ny meldingssak: Årsrekneskap 2015 er ferdig revidert.**

Jf. Skriv.

### **Sak 009/16 Rekneskapsrapport januar-mars 2016**



# DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

## *Forslag til vedtak:*

Rekneskapsrapporten vert teken til orientering.

## *Møtebehandling:*

Om rapporteringa: Tertialrapportar er ok, neste rapport i september. Tekstforklaring til hovudtendensar er ønska. Samandragsrapport er viktig. Periodisering/% av budsjett er ønska. Det bør sendast ein takk for den store gåva som er komen inn til flygelfondet.

## *Vedtak:*

Rekneskapsrapporten vert teken til orientering med dei merknadane som kom i møtet.

For Meland sokneråd + fellesrådssaker

Anne Sofie Nergård Uthaug  
Kyrkjeverje



# DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

## **Møtebok for Meland sokneråd - soknerådssaker**

**Møtedato:** 28.04.2016  
**Møtetid:** kl. 18:30  
**Møtestad:** Møteplassen

### **Til stade:**

Regine Sagstad Berg, Ingunn Reigstad, Andreas Westermoen, Brigtt Roar Skeie, Andreas Sagstad Berg, Bent Gunnar Næss, Per Audun Heskestad, Torbjørn Aamli.

Frå administrasjonen møtte Anne Sofie Nergård Uthaug. Ungdomsarbeidar Ruben Sæle var med ved starten av møtet.

### **Innkalling, sakliste og sist møtebok:**

Innkalling og sakliste vart godkjent. Møtebok frå møte 17. mars 2016 vart godkjent

### **Meldingssaker:**

#### **Sak 000009 Tilsetting som husgruppekoordinator**

Stine Karin Sæle har takka ja til tilbodet om 20% prosjektstilling. Ho startar opp i mai. Bør presenterast i Kontakt i neste nummer.

#### **Sak 000010 Deltaking på soknerådsmøtet: Ruben Sæle**

Tema som var oppe i samtalen:

- **Behovet for Kirkens Nødhjelp-kontakt.** Linda Lunga er positiv til dette, viss det vert med ein person til. Nokre namn vart drøfta.
- **Yngres Frekhaug.** Behov for leiargruppe, gjerne med ein representant frå kvar av forsamlingane. Nokre forslag på personar til denne oppgåva vart nemnt. På sikt: formalisert samarbeidsavtale og prosentstilling til ungdomsarbeid i samarbeid? AU tek saka vidare.
- **Omgjering til diakonstilling.** Utviding av ansvarsområdet. Diakoniplan trengs. Ønsker 100% stilling. Administrasjonsutvalet arbeider med denne saka. Det har vore dialog med kommunen om finansiering og det bør sendast eit brev.

Ny meldingssak – rapport frå årsmøtet.

#### **Sak 005/16 Felles kyrkjeblad**

##### *Forslag til vedtak:*

Vi er positiv til initiativet til felles kyrkjeblad, men Meland sokneråd ønskjer å beholde den lokale profilen. Difor må «Åsane-modellen» diskuterast med andre sokn som vurderer samarbeid.

*Møtebehandling:*



# DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

*Vedtak:*

Meland sokneråd er positiv til initiativet til felles kyrkjeblad, men vi ønskjer å beholde den lokale profilen. Difor må «Åsane-modellen» diskuterast med andre sokn som vurderer samarbeid. Samrøysta vedtak.

**Sak 006/16 Plan for soknerådsarbeidet**

*Forslag til vedtak:*

*Møtebehandling:*

Det vart ein samtale om saka. Soknerådet ber om å få ein oversikt over oppgåver i staben og ressursar vi har eller ikkje har til å løyse dei.

~~*Vedtak:*~~

For Meland sokneråd - soknerådssaker

Anne Sofie Nergård Uthaug  
Kyrkjeverje